

Personvernerklæring

Elektronisk lagring av personopplysningar kjem inn under lov om behandling av personopplysningar. Vi vil difor fortelja korleis omsynet til personvernet blir behandla når det gjeld våre elektroniske skjema.

Definisjonar:

- **Personopplysning:** opplysingar og vurderingar som kan knytast til enkeltperson
- **Behandlingsansvarleg:** den som bestemmer føremålet med behandlinga av personopplysningar og kva hjelpemiddel som skal brukast (Finnøy kommune)
- **Databehandler:** den som behandler personopplysningar på vegne av den behandlingsansvarlege (ACOS AS)

Denne erklæringa gjer greie for korleis personvernet vert teke vare på av ACOS AS som databehandler av personopplysningar.

Finnøy kommune ønskjer å sikra at du som brukar av tenestene skal kjenna deg trygg på at gjeldande lover og reglar vert følgde, og at datatryggleiken er ivaretaken. Sikker behandling av data vil til ei kvar tid dokumenterast etter gjeldande lovverk.

ACOS AS er berre databehandler av personopplysningane, medan det er Finnøy kommune som er eigar av dataa og behandlingsansvarleg. Eigarforholdet er regulert av ein eigen databehandleravtale.

Føremålet med handsaminga av personopplysningar

Opplysningar som du fyller inn, vert sende til behandlingsansvarleg. Opplysningane gjer behandlingsansvarleg i stand til å utføra si saksbehandling av førespurnaden din. Dei innsamla opplysningane om deg vert behandla på same måte som om du hadde sendt inn eit papirskjema.

Lov om behandling av personvern

Denne personvernerklæringa følgjer føresegnene i personopplysingslova av 01.01.2001 med tilhøyrande forskrift. Den vil og følgje den nye personvernforordninga (GDPR) når denne trer i kraft.

Personopplysningar

Dersom du føler at personvernet ditt er sikra ved denne erklæringa, samtykkjer du til lagring ved oppretting av din brukarprofil. Samtykket vert gjeve som godkjenning av våre retningsliner for personvernet, og som samtykke for behandlingsmåten av opplysningane.

Lagring av opplysingar

Dersom du loggar deg på med e-post, kan du når som helst velja å avbryta utfyllinga av skjermdialogen og eventuelt henta han opp igjen for vidare utfylling seinare.

Opplysningane du har tasta inn, vil liggja lagra på vår server, og vil ikkje vera tilgjengelege for mottakar, som er kommunen, før du bestemmer deg for å senda inn søknaden.

Når du har vald innsending, har du samtidig stadfesta at mottakar kan motta opplysningane. Så snart søknaden er sendt til behandlingsansvarleg, vert innhaldet sletta frå databehandlar sin server (seinast innan tre døgn).

Sikker linje

All kommunikasjon mellom di datamaskin og vår server vert overført med sikker kryptert linje (SSL). Løysinga motsvarer tryggleiken som er brukt i nettbankane.

Rett til innsyn og rett til sletting av personopplysningar

Du kan når som helst be om å få sjå opplysningane vi har registrert om deg. Dette gjer du ved å ta kontakt pr e-post: post@finnøy.kommune.no.

Dersom du finn opplysningane unøyaktige eller ufullstendige, kan du krevja å få opplysningane sletta. Dersom du har oppretta ein brukarprofil i løysinga, kan du sjølv gjera slik sletting. Dette er jf. personopplysningslova § 18 og retting etter same lov § 27 og § 28.

Unnlate samtykke

Dersom du ikkje samtykker i at personvernet er godt nok ivaretatt, vil du ikkje kunna nytta sjølvbeteningsportalen til elektroniske søknadsskjema. Du må då venda deg til kommunen på annan måte.

Aldersgrense

Du stadfestar at du er over 18 år.